

# Uer SNABELUER




## Status og råd

Bestanden av snabeluer viser ei positiv utvikling, og rekrutteringa har auka dei seinare åra. Bestandsbiomassen i 2014 er estimert til 1,2 millioner tonn. Snabelueren vert kjønnsmoden ved 12-årsalderen. Dagens gytebestand består derfor nesten berre av aldersgrupper som er fødte før 2000. I åra mellom 1996 og 2004 var årskulla svært svake. Dei store årskulla som er fødte etter 2004 vil ikkje inngå i gytebestanden før tidlegast i 2017. Før den tid vil derfor gytebestanden minke. ICES har vedtatt at det kommersielle fiskeriet kan ta ut inntil 30 000 tonn årleg i perioden 2015–2017, inkludert bifangst og utkast, og at dei eksisterande tiltaka for å verne yngel og ungfisk samtidig bør vidareførast.

## Fiskeri

Alt fiske etter snabeluer, inkludert bifangstfiske av nemneverdig omfang, føregår med trål. Fisket blir regulert ved hjelp av kvotar, bifangstreglar og stengde område. Førebelse tal for 2015 viser at ca. 23 300 tonn er fiska med botntrål, inkludert bifangst, og 4 800 tonn med flytetral i internasjonalt område (Smutthavet) i Norskehavet. Av dette har Noreg fiska høvesvis ca. 18 830. Sidan 2014 har direkte fiske etter uer med flytetral og botntrål i norske område vore tillate, avgrensa av sesong og stengte område. Ved fiske med trål til andre tider og i andre område utanfor 12 nautiske mil frå grunnlinene er det tillate å ha inntil 20 % bifangst av uer i vekt i enkelte fangstar og ved landing, mens det innafør er tillate med 15 % bifangst. Bifangst av uer i rekefisket er regulert, og maksimal innblanding av uer er 3 individ per 10 kg reke. Det har vore ei rask auke i norsk fangst dei siste åra, frå 1 835 tonn i 2013 til 13 485 tonn i 2014 og 18 830 tonn i 2015. I 2015 var norsk fangst 80 % av totalfangsten i Norskehavet og Barentshavet.



Landa fangst av snabeluer i ICES område I og II. For 2004–2015 er rapportert fangst tatt med flytetral i Norskehavet inkludert.

Total international catches of *Sebastes mentella* in Sub-areas I and II. For 2004–2015, catches reported taken by pelagic trawl in the Norwegian Sea are included.

## I NORSKEHAVET OG BARENTSHAVET

**Snabeluer** – *Sebastes mentella* – Beaked redfish

**Andre namn:** Nebbuer, djuphavsuer, raudfisk

**Familie:** Scorpaenidae

**Maks storleik:** 47 cm og 1,3 kg

**Levetid:** Over 70 år

**Leveområde:** Barentshavet, Svalbard og kontinentalskråninga (400–600 m) mot Norskehavet sør til britisk sone. Føretekk også pelagiske næringsvandringar ut i Norskehavet (300–450 m).

**Hovudyngleområde:** Langs heile eggakanten frå britisk sone til Bjørnøya.

**Gytetidspunkt:** Mars–april

**Føde:** Plankton viktigast dei første leveåra, deretter større plankton og fisk.


**Særtrekk:** Ueren ynglar, dvs. han “gyt” levande larvar.

### Nøkkeltal:

**KVOTERÅD 2016:** Inntil 30 000 tonn i norske område og internasjonalt område i Norskehavet. Tiltaka som alt er på plass for å verne yngelen bør oppretthaldast.

**FANGST 2015:** Norsk fangst: om lag 18 830 tonn  
Totalfangst: om lag 23 300 tonn

**NORSK FANGSTVERDI 2015:** Ca. 240 mill. kroner for begge uerartane samla.



### Fakta om bestanden:

Snabeluer føder levande 4–6 mm yngel i mars–april. Veksten fram til kjønnsmoden storleik og alder er nokså lik vanleg uer. Snabeluer større enn 47 cm blir sjeldan observert, og ein fisk på denne storleiken kan vere 50–70 år gamal. Snabelueren går ikkje inn i Nordsjøen, men lever langs kontinentalskråninga mot Norskehavet på 400–600 meters djup frå Shetland og nordover til Andøya. Her finst det lite snabeluer mindre enn 28–30 cm. Nord for Andøya finst snabeluer også grunnare. Barentshavet og Svalbard (også nord for Spitsbergen) er oppvekstområdet for arten. Yngleområdet strekkjer seg langs eggakanten frå Shetland til Tromsøflaket, og i Barentshavet er det vist gytevandring av hofisk mot dette området. Snabelueren et dyreplankton som raudåte, krill og marflo dei første leveåra. Deretter går han gradvis over til å beite meir krill og fisk. Då rekrutteringa av snabelueryngel var god og stabil, utgjorde snabeluer under 25 cm rundt 10 % av dietten til nordaustarktisk torsk. Også blåkveite beitlar på snabeluer. Larvar og liten ueryngel har dessutan blitt observert i sildemagar.